



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/66106-2

Dykkar referanse: Vår dato:  
20/2438 – 20/16964 21.04.2020

### Uttale til søknad om dispensasjon – oppføring av nytt lagerbygg – gnr. 185 bnr. 262 Isdal – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 30.03.2020. Saka gjeld tiltak på gnr. 185 bnr. 262, Isdal; Oppføring av nytt materiallager, riving av eksisterande mindre bygg som står der nytt materiallager skal etablerast, og forlenga løyve for eksisterande lagerhall som ligg like sør for omsøkt bygg. Bygga er knytt til drifta av Knarvik vidaregåande skule.

Nytt lagerbygg har eit bygd areal oppgitt til ca 90 m<sup>2</sup>, bygga som skal rivast har eit bygd areal oppgitt til ca 62 m<sup>2</sup> og eksisterande lagerhall har eit bygd areal oppgitt til ca 200 m<sup>2</sup>. Det er søkt om mellombels plassering fram til 2025.

Jfr. opplysningar frå kommunen er det reguleringsplanen for tunnel på Fv. 57 (planID 1263-201201) som gjeld: «Tiltaket er søkt plassert på areal som er sett av til veg og anna veggrunn, og krev som følgje av dette dispensasjon frå arealføremålet. I følgje kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen supplerer kommunedelplanen reguleringsplanen der reguleringsplanen ikkje har føresegner om temaet, jf. føresegn 4.5. Tiltaket ligg innanfor raud støysone og bandleggingssona for framtidig trase for E39.»

#### Uttale

Vestland fylkeskommune har frå 01.01.2020 overtatt ansvaret for forvaltning av fylkesvegnettet. I denne saka uttaler Statens vegvesen seg i rolla som forvaltar av riksveg.

Det er søkt om ein tidsavgrensa dispensasjon fram til 2025. Tiltaka som ligg inne i KDP E39 Flatøy–Eikefettunnelen vil komme til realisering etter 2025, og vi vil difor ikkje motsetje oss søknaden om dispensasjon på gnr. 185 bnr. 262.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 3000  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vi minner om at vi skal ha kommunen sitt vedtak i dispensasjonssak oversendt for klagevurdering.

Transport vest – transportforvaltning 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN